



Kyrkje-, utdannings- og forskingskomitéen
Stortinget
0026 Oslo

FRAMLEGGET TIL STATSBUDDSJETT FOR 2003 HØGSKOLEBYGGET INNSPEL TIL KUF-KOMITÉEN

Høgskolen takkar for møte 17.09.02, viser til brev, og vil kort skissera bakgrunnen for saka. Vi vil óg fremja eit konkret innspel til komitéen.

Bakgrunn

- Samlokalisering (felles bygg). Arbeidet starta 1994, og var ein føresetnad for den nye høgskolereforma frå same året
- Det første funksjonsprogrammet var ferdig i 1997. Men på grunn av uavklara tomteval kom ikkje saka vidare i 1997
- KUF-komitéen løyvde prosjekteringsmidlar på kr 1 mill hausten 1999 (statsbudsjettet 2000)
- Tomtekjøpet endeleg klart i september 2002 etter m.a. slik føring frå KUF-komitéen (statsbudsjettet for 2002): "Komiteen forutsetter at nødvendige midler stilles til disposisjon for kjøp av tomt og vidare prosjektering når forhandlingene er slutført. Komiteen forutsetter at regjeringen kommer tilbake til dette i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett for 2002."
- Pågåande arbeid: 1. Utarbeiding av endeleg funksjonsprogram på grunnlag av nytt ramme-program frå UFD. 2. Arbeid med reguleringsplan for området på Kronstad
- Planlagt arbeid i 2003: 1. Vidare prosjektering. 2. Arkitektkonkurranse

Budsjettframlegget 2003. Innspel

Vi ser to alternativ:

Alternativ 1

Komitéen viser til merknadene i budsjettframlegget for 2002, og føreset at det i 2003 vert sett av kr 3 mill til arkitektkonkurranse og vidare planlegging/prosjektering.

Alternativ 2

Komitéen viser til merknadene i budsjettframlegget for 2002, og føreset at det i 2003 vert lagt til rette for arkitektkonkurranse og vidare planlegging/prosjektering.

Høgskolen i Bergen viser til den lange forhistoria, og vonar komitéen vil kunna arbeida for alternativ 1, som også er ei konkret oppfølging av komitémerknadene til budsjettframlegget for 2002.

Med helsing

Karl Olav Nummedal
rektor

Nils Mæhle
høgskoledirektør

Kopi: Hordalandsbenken
Hordaland fylkeskommune
Bergen kommune
Bergen Næringsråd
Statsbygg
Utdannings- og forskingsdepartementet

kufk111102